

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 72 / 2016 Sak til: 78 / 2016	Onsdag 9. november 2016.	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.

Frammøtte: 6 av 7 medlemmer. 1 varamedlem.

Til stades

Medlemmer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland, Solfrid Kongshaug Aase, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlemmer: Gunvor Eggebø Næss.

Meldte forfall: Einy Daviknes.

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Sak / år:

72/2016: Møteprotokoll frå møte 26 oktober vart godkjent.

73/ 2016: Meldinger:

Brev om offergåver. Vi set opp offerliste for våren som tidligare år.

Lys vaken har vi annakvart år, så den vert i 2017.

74/ 2016: Gudstjenesteliste:

30/10: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Stefanusalliansen. Innskriving av konfirmantar. Ansvarleg: Team 1.

06/11: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Godtfred Haugland. Nattverd. Allehelgensdag. Offer: YA Fauskanger. Ansvarleg: Team 2.

.....
13/11: kl.11.00: Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp og nattverd. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 3. Enkel middag i kyrkjelydshuset etterpå.

16/11: kl.17.00.: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl. 16.30.

27/11: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Utdeling av 4 års bok. Herdla barnekor. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 4. 1 søndag i advent.

75/ 2016 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

30/10: Vi ser eit stort behov for betre tilrettelegging for rullestolbrukarar/ barnevogner i kyrkja. Denne dagen var ein rullestolbrukar med i dåpsfylgjet og måtte bærast opp i koret før gudstenesta for å vere med ved døypefonten. Behov for rampe/ heis.

Treng og betre plass nede i kyrkjerommet, no er alternativet heilt framme eller heilt bak.

13/11: Vi har middag i kyrkjelydshuset etter gudstenesta. Mat er bestilt og oppgåver fordelt.

16/11. Der er ynskjeleg at fleire er med og hjelper til på gudstenesta på eldresenteret. Prøver å få ein til som er med kvar gong. Dette kan delast på fleire.

27/11: 1. søndag i advent. Utdeling av 4 års bok. Herdla barnekor syng og menighetspedagog Ingvild er med denne dagen. Ho er med på øvinga på førehand.

76/ 2016: Offerliste for våren:

Forslag til Plan for våren 2017 vart lagt fram. Her er offerlista med. Den skal justerast litt før ny vert lagt fram.

77/ 2016:Lutherjubileet 2017:

Utsatt til neste møte.

78/2016:Eventuelt:

- Det er mange i kyrkjelyden som saknar AMEN i postkassen.
- Det kom fram nokre tankar om 17 mai gudstenesta. Det er alltid mykje folk ved markeringa ved minnestøtta før gudstenesta, men ein god del går før gudstenesta byrjar. Kan vi gjere ting annleis? Dette har vi som sak seinare.
- Utkast frå Erlend Bakke om høyringssvar til Hordaland fylkeskommune om Vestlandsregionen. Her kan alle koma med innspel, både privatpersoner, lag, organisasjonar og offentlege organ.
Vedtak: Vi går inn for høyringssvaret — Herdla sokneråd for nynorsk i Vestlandsregionen. –
Dette vert sendt inn før 30 november.
- Vi må markera på ei gudsteneste at vi har fått nye kyrkjetekstilar, glasmåleri i dåpsakrestiet og at prestesakrestiet og dåpsakrestiet er pussa opp. Dette må takast opp som eiga sak og planleggjast.
- Seminar for sokneråd og ansatte vert i Strusshamn kyrkje 27 og 28 januar 2017.
- Vi treng framleis faste gjevarar til barne og ungdomsarbeid.
Vedtak:
Faste ofringar til Barne og ungdomsarbeidet på gudstenester der konfirmantane deltek f.eks: Presentasjonsgudstenesta, skaparverkets dag og konfirmasjonsgudstenestene.
Fast trekk på kr.1000.00 kvar månad frå soknerådet til Barne og ungdomsarbeidet.

Neste møte vert onsdag 7 desember kl.19.00.

S. Herdla 20 november 2016.

Reidun Flåpsdøy.

Referent.